

Karmøy kommune

Postboks 167

4291 KOPERVIK

Dykker ref.:

20/24877

Dato: **11.10.2023**

Saksnr.: **2019/33953**

Dok.nr.: **78**

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

Karmøy kommune – gnr 86 bnr 1 - Avaldsnes middelalderruin - ID 34379-6 – søknad om dispensasjon frå kulturminnelovens §8, 1. ledd - tiltak i samband med konservering - vedtak

Konflikt med kulturminne ID 34379-6

Vi viser til søknad datert 18.09.2023 om tillating til fire tiltak på mellomalderruinen på Avaldsnes. Tiltaka inneber direkte inngrep/arbeid på dei automatisk freda murane med ID 34379-6.

Lovheimel og myndigkeit

I medhald av kulturminnelova §3 første ledd er inngrep i automatisk freda kulturminne forbode, med mindre det ligg føre ei tillating etter kulturminnelovas §8. Etter forskrift om fastsetting av myndigkeit mv. etter kulturminnelova §§ 3 (2) og 4, har Rogaland fylkeskommune myndigkeit til å gi ei slik tillating basert på tilrådingar frå gjeldande forvaltungsmuseum og/eller annan fagleg relevant instans – her NIKU.

Vedtak

Med heimel i kulturminnelova § 8 første ledd gjer Rogaland fylkeskommune dette vedtaket:

I samband med restaureringsarbeid på mellomalderruinen på Avaldsnes gir Rogaland fylkeskommune med dette løyve til å gjennomføre fire (4) tiltak.

- 1: Justere fasaden sin posisjon når han vert murt opp på nytt:
- 2: Komplettering av manglante fasadestein, samt tilførsel av to skift med fasadestein i murverket i kjellarrommet sin nordvegg
- 3: Sikre fundament i vestmuren ved å tørrmure eit skift med fasadesteinar på fundamenta
- 4: Komplettere parti av austveggen

Løyvet gjeld berre tiltaka det er søkt om, og fell bort dersom tiltaka ikkje er sett i verk innan 3 år frå dette brevet er motteke.

Vilkår

Løyvet vert gjeve på vilkår om at:

- Ein i gjennomføringa av tiltaka etterstrebar å få den originale murkarakteren når ny stein/nye parti skal settast inn.
- Det skal leggast inn kobberboltar/remser i fugene for å markere forskjellen mellom opphavelege og nye parti. 2023 skal vere prega på desse.
- arbeidet skal dokumenterast før, under og etter utføring.

Skildring av kulturminnet

Ruin frå mellomalderen som er tolka som fysiske spor av ein kongsgard i høgmellomalderen. Anlegget består av minst to steinbygningar frå høgmellomalderen og er forbundne med Olavskyrkja. Ruinane ligg like SSV for Olavskyrkja.

Ruinen skal konserverast og landskapet rundt skal tilpassast på ein skånsam måte slik at ein får ei god formidling av anlegget.

Skildring av dei omsøkte tiltaka

Det vert i denne søknaden søkt om fire tiltak:

1. *Justere fasaden sin posisjon når han vert murt opp på nytt:*
For å kunne leie vatn bort ruinens sitt kjellarrom i sør, må ein benytte den opphavelege dreneringsrenna som leier vatnet austover og bort frå ruinens. Renna er tett i partiet under austmuren og det er difor tidlegare søkt om om – og innvilga dispensasjon til å demontere eit parti av austmuren, og reinse/grave dreneringsrenna ut (A4).
Felt A4 er ute av opphaveleg posisjon ved at det er forskyvd ut av lodd. Når partiet skal murast opp att, er det eit ønske å få retta opp feltet sin austfasade mellom døropning og hjørnet som grenser ned mot A3. Noko av pinningssteinen er i så dårlig forfatning at desse må erstattast av ny, stadbunden pinningsstein.
2. *Komplettering av manglende fasadestein, samt tilførsel av to skift med fasadestein i murverket i kjellarrommet sin nordvegg*
For å hindre overflatevatn frå øvre nivå av ruinens i å renne over muren (A7) er det behov for å tilføre to skift med fasadestein i murverket i kjellarrommet. Dette vil bidra til at vatnet kan leiaast på nordsida av felt 7 i austleg retning og ut av ruinens.
Dersom vatnet ikkje vert drenert bort vil dette skape fuktige forhold til skade for murverket, og vidare føre til uønska vedlikehaldsbehov.
For å kunne gå i gang med tilførsel av to skift, må ein først komplettere manglende fasadestein i eksisterande murverk. Viser til bilde på s. 2 i notat frå Bakken og Magnussen.
3. *Sikre fundament i vestmuren ved å tørrmure eit skift med fasadesteinar på fundamenta*
Vestmuren mot nord består i dag kun av fundamentsteinar. Når terrenget rundt ruinens skal tilpassast vil fundamenta og murrestane knapt vere synlege.
Vestmuren vert sett i samanheng med den ferdigkonserverte nordre ruinens og viser dei to ruinane si tilhørsle til kvarandre. For å kunnne ivareta fundamenta og deira opphavelege plassering er det eit ønske om å kalkmure eitt skift med fasadesteinar på fundamenta. Ein vil då få vist fram muren over bakken og sikra fundamentsteinane i bakken.

4. Komplettere parti av austveggen

Manglande murverk i den austre veggen. For å komplettere denne, ønsker ein å mure igjen den misvisande opningen i ruinen. Opningen i muren framstår i dag som ein tiltenkt opning, men i realiteten er det ein del av murverket som manglar.

NIKU sine merknader og tilråding (utdrag frå brev datert 11.10.2023)

David Hill fra NIKU var på Avaldsnes i forbindelse med feltarbeid mellom 02-05.10.2023 og har diskutert de omsøkte tiltakene sammen med søker og representant for Bakken og Magnussen.

Basert på en gjennomgang av søknaden anbefaler NIKU at det gis dispensasjon fra lov om kulturminner av 9. juni 1978, § 8, første ledd for de omsøkte tiltakene, uten vilkår om arkeologisk overvåking av arbeidet.

Grunngjeving for tiltaket

Kulturminneforvaltninga skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar og arbeide for at kulturminneverdiane blir best mogleg tekne vare på og nyttiggjorde i eit samfunn i endring. Vi kan likevel gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne etter ei konkret vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vegne opp mot private og samfunnsmessige omsyn.

Målet vil alltid vere eit minimalt tal på inngrep i og på muren, for i størst mogleg grad å kunne vise opprinnelig struktur. På same tid veit vi at dersom det ikkje vert gjort noko, så vil store deler av ruinen falle saman. Ei overordna tilnærming blir då at ein tillet tiltak som er eigna til å sikre og bevare det originale murverket og at vi difor må kunne akseptere nokre endringar.

I denne saka har vi lagt vekt på at dette er tiltak som vil vere nødvendige tiltak for best mulig gjenoppmuring, sikring og framtidig bevaring av desse delane av ruinen.

Etter ei samla vurdering har vi i denne saka gitt dispensasjon for tiltaka det er søkt om, i samsvar med vedtaket over. Dersom det under gjennomføringa av tiltaket blir oppdaga eller kjem fram andre automatisk freda kulturminne enn dei løyvet gjeld for, skal arbeidet straks stansast i den utstrekning det kan ha innverknad på desse. Rogaland fylkeskommune skal varslast, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd, og vi avgjer snarast råd og seinast innan 3 veker om arbeidet kan halde fram, og eventuelt på kva vilkår.

Forholdet til anna lovverk

Dersom tiltaka krev tillating etter anna lovverk, må søker sjølv sørge for dette, før tiltaket kan gjennomførast.

Framdrift og gjennomføring

Tiltaket skal gjennomførast i tråd med søknaden. Større endringar som er knytt til det tiltaket det er søkt om, krev ny søknad. Tiltaket kan starte så snart de har motteke dette brevet.

Du kan klage på vedtaket

Du har rett til å klage på vedtaket. Fristen for å klage er 6 veker etter at du har motteke dette brevet, jf. Kulturminnelovens § 8 første ledd tredje punktum. Klagen skal då stilast til Riksantikvaren som er klageinstans, men sendast til oss, gjerne på e-post til firmapost@rogfk.no. Dersom vi ikke tek klagen til følge, vert den sendt vidare til Riksantikvaren. Dei avgjer saka med endeleg verknad.

Har du spørsmål?

Dersom du har spørsmål kan du kontakte saksbehandlar Angunn Skeiseid på telefon 51 51 68 56 eller på e-post angunn.skeiseid@rogfk.no

Løyvet gjeld berre dei tiltaka det er søkt om.

Helsing

Leif Håvard L.Vikshåland
fagleiar

Angunn Skeiseid
spesialrådgjevar

Kopi til:
NIKU

Vedlegg: kart med ID 34379-6 med sikringssone

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennlig å oppgi vårt saksnr når du svarar på brevet.